

til ettertanke

Der fantes, ved Gud, ikke noe så latterlig plagg som en smoking.

Gagnar Mykle (1915-94). Norsk forfatter.

Nordlands trompet

Om å sjå Nordland frå Bodø



Dag Jørund Lønning, professor, Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling

Eg sit med to publikasjonar føre meg. Båe er «offisielle» forteljingar om Nordland. Båe er dei konstruerte i Bodø. Dei to publikasjonane fortel om det offisielle Nordland si største utfordring; ei tilsynelatande vedvarande vegring mot å stikka fingeren i jorda og vedgå kva som i røynda er fylket sitt særpreg og viktigaste utviklingsgrunnlag: bygda og småstaden, og det engasjerte, viljande og kreative mennesket.

Den første publikasjonen er ei brosjyre på glansa papir. Her er det glamorøse grafar som peikar oppover, og ei rekke bilde av oljeinstallasjonar (som kunne vore enda mange fleire, kan ein lesa, om «vi» hadde fått «lov» til å utnytta ressursane våre betre), nye veganlegg, bygater/-miljø, tilverking av sushi, og ekstrem-sportutøvarar på veg ned bratte fjellsider. Dette er den såkalla «Indeks Nordland», ein rapport som etter seiande skal summera opp både status for året som gjekk og utviklingstrender for året som kjem.

Etter å ha bladd gjennom denne, sit ein med inntrykk av at det meste er på stell i eit fylke dominert av små og store byar, og smilande, urbane menneske med kort veg til næraste frysedisk: der (i frysedisken) både fisk og landbruksvarer tydelegvis veks og trivest heilt på eiga hand (i alle fall er verken fiskaren eller bonden verdig rom i denne, det offisielle Nordlands, bilett- og indikatorforteljing om seg sjølv).

Det andre dokumentet er eit brev frå Innovasjon Norge i Bodø til ei lita gruppe gründerar ein heilt annan stad i fylket. Tittelen på brevet er «Avslag på søknad». Utgangspunktet for dette svarbrevet er ein søknad



Eit av landets desidert mest kreative bygdesamfunn. Med utgangspunkt i eit folketal på 50, har ein på Tranøy skapt reiselivsbedrift på reiselivsbedrift, og opplevelser.

om kompetanseutviklingsmidlar til ei reiselivsklynge. Søknaden er på 170 000 kroner.

Det oppsiktsvekkjande med dokumentet er ikkje avslaget i seg sjølv. Jamt over er nok dette lagnaden til dei fleste søknader. Det oppsiktsvekkjande er grunngevinga, ikkje minst når me får vita kven søkjarane er. Eg vil sitera frå svarbrevet:

«Innovasjon Norge har verk-tøy og anledning til å etablere prosjekt med målsetting til å utvikle langsiktige strategier for utviklingen av et reise-mål. Det er imidlertid vår vurdering at Tranøy innehar et for snevert ressursgrunnlag til å iverksette denne typen prosesser. Med ressursgrunnlag mener vi i denne sammenheng blant annet stedets næringsliv og dagens trafikkbilde».

At tilsette på IN-kontoret i Bodø meiner seg betre skikka til å vurdere Tranøy sitt ressursgrunnlag enn dei som bur og driv der er ei ting. For det andre, korleis er det i det heile mogleg å koma fram til konklusjon om at Tranøy «har et for snevert ressursgrunnlag»?

Har ein søkt på Google Maps og funne at Tranøy ligg langt frå Bodø og forholdsvis langt frå E6, og konkludert på basis av dette? Ein kan i alle fall ikkje ha vore på Tranøy, ei heller vore inne på den spennande Tranøyportalen på nettet.

Me snakkar her om eit av landets desidert mest kreative bygdesamfunn. Med utgangspunkt i eit folketal på 50, har ein på Tranøy skapt reiselivsbedrift på reiselivsbedrift; fantastisk mat, fleire særprega overnattingstilbod, kapell som trekker til seg gifteklare langvegsfrå, spa, unike kunstopplevingar både innomhus og utomhus, osv, osv. Ressursane denne utviklinga byggjer på er først og fremst menneskelege; vilje, skaparkraft, engasjement og kreativitet. Det er oppgåva til IN å vera med og løfta slike ressursar fram, også utanfor byen. Slik sett er svaret frå Bodø både meining- og kunnskapsløst.

Nordland er først og fremst eit bygdefylke. Eg har arbeidd med ulike byggerelaterte fou-oppgåver i dette fantastiske fylket

meir eller mindre jamt sida 2008, då med tyngdepunkt sør på Helgeland og i Nord-Salten. Eg har ikkje slutta å undra meg over den veldige kulturelle «avstanden» frå dei offentleg sankjonerte historieforteljarane i Bodø til distrikta.

Dei fleste stader i Nordland er små. Mange er veldig små. Eg har følgjande forslag, både til saksbehandlarar i Innovasjon Norge og til dei som skal utforma neste års offisielle «indeks»:

Dra ut til dei mange bygdekommunane i fylket, til dei mange utkantrendene. Møt menneska som bur der. Snakk med dei, og lytt til kva dei fortel om kva Nordland er, og kva som krevst for å vera nordlending. Engasjement og vilje er ikkje så lett å fanga i grafar og glansa bilde, men gjer eit forsøk!

Bygde-Nordland må bli ein langt synlegare del av det offisielle Nordland. «Byen» verken har vore eller kjem til å bli Nordland sitt særpreg.

■ *Lønning har leia Senter for natur- og kulturbasert nyskaping ved Telemarkforskning Bø, han har vore direktør ved Norsk senter for bygdeforskning og seniorforskar ved Nordlandsforskning. Han er professor i nyskaping og bygdeutvikling.*